



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref
2022/223

Vår ref
22/207-

Dato
18. januar 2022

**Svar på representantforslag 64 L (2021-2022) frå
stortingsrepresentantane Mudassar Kapur, Helge André Njåstad og
André N. Skjelstad om endringar i folketrygdlova for utbetalingar ved
ekstraordinære tilfelle**

Eg viser til brev av 11. januar 2022 frå Arbeids- og sosialkomiteen, der det vert spurt om mi vurdering av representantforslag 64 L (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Mudassar Kapur, Helge André Njåstad og André N. Skjelstad. Forslaget gjeld endringar i folketrygdlova for utbetalingar ved ekstraordinære tilfelle.

Forslaget til lovendring frå representantane er, slik eg forstår det, meint å leggje til rette for ei eingongsutbetaling på 1 000 kroner til alle som var ledige, permitterte og mottakarar av arbeidsavklaringspengar ved utgangen av desember 2021.

Eg er einig med representantane i at det er naudsynt med tiltak for å kompensere for dei høge straumprisane. Regjeringa har derfor laga ei straumpakke, der dei viktigaste tiltaka i både 2021 og 2022 er:

- Direktestøtte til straumkundane over nettleien (med støttedel på 55 prosent i desember og 80 prosent i januar, februar og mars): 8,9 milliardar kroner (inkl. meirverdiavgift)
- Redusert el-avgift: 2,9 milliardar kroner
- Auka bustøtte: 1,2 milliardar kroner
- Auka støtte til studentar: 196 millionar kroner
- Auka støtte til kommunane for meirutgifter til økonomisk sosialhjelp: 400 millionar kroner
- Støtte til ENØK-tiltak gjennom Enova: 100 millionar kroner

I tillegg har regjeringa varsla ei mellombels tilskotsordning for delvis dekning av meirkostnader til elektrisk kraft i veksthusnæringa. Regjeringa vil kome tilbake med eit konkret forslag til innretning på ei slik ordning.

Tiltaka i straumpakka og den varsla tilskotsordninga vil til saman motverke konsekvensane av dei høge straumprisane godt. Eg ser derfor ikkje behov for å innføre eit slik tiltak som representantforslaget legg opp til.

Forslaget til lovheimel i representantforslaget gir tilstrekkeleg fullmakt for å innføre tiltaket, men eg vil tilrå at ein slik eventuell heimel blir ytterlegare utreda før han blir vedteken. Eg kan ikkje sjå at vi kjenner til alle implikasjonane ved ei slik endring. Ein slik lovheimel bør også gå gjennom ei offentleg høyring, før han eventuelt vert vedteken.

Eg gjer vidare merksam på at eingongsutbetalinga som representantforslaget legg opp til, kan medføre lågare sosialhjelpsutbetaling for dei som mottek det i tillegg.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink. The signature consists of a large, stylized initial 'H' that loops around the name 'Hadia Tajik'. The name is written in a cursive, flowing script.

Hadia Tajik